



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
14.07.2015
Dykkar dato
21.05.2015

Vår referanse
2014/1038 421.4
Dykkar referanse
14/477

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Samordna uttale i sak.

Offentleg ettersyn - Radøy – gnr. 24 bnr. 220 og 222 mfl. - Bøvågen Næringspark - privat detaljregulering - planID 12602014000100

Vi viser til Dykkar brev datert 21.5.2015, der framlegg til detaljreguleringsplan for Bøvågen næringspark er lagt ut til offentlig ettersyn. Vi viser òg til forsøk med samordning av statlege motsegner i arealplansaker, jf. brev av 22.8.2013 til kommunane i Hordaland og til avtale om utsett svarfrist.

Bakgrunn

Føremålet med planen er å leggje til rette for utvikling av næringsområde rundt GT-lakk.

Motsegner som er fremja – forankring og grunngjeving

I høyringsperioden har Fylkesmannen motteke uttale med motsegn til planforslaget frå Statens vegvesen. Grunngjevinga for og forankringa av motsegna går fram av uttalen datert 8.6.2015, som er lagt ved.

Om samordningsprosessen – saksgang

Føremålet med forsøket med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar går fram av brev av 3.9.2013 frå Miljøverndepartementet. Målet er å få til ei meir effektiv og målretta handsaming av plansaker og eit betre samarbeid mellom kommunane og statlege styresmakter. Det er også eit mål at forsøket vil medverke til å styrke kvaliteten på dei kommunale arealplanane og gjere dei lettare å gjennomføre. Dei statlege fagorgana sender i forsøksperioden sine uttaler, med motsegn, til Fylkesmannen.

Fylkesmannen samordnar høringsuttalane i samråd med høyringsinstansane og får dermed ei utvida rolle. Fylkesmannen skal vurdere motsegner og merknader som er komne inn og gje ein samla uttale til kommunen, der det vert teke stilling til kva motsegner som skal fremjast. Fylkesmannen kan her avskjere ei motsegn, slik at denne ikkje blir fremja for kommunen, men då etter dialog med aktuell styresmakt. Fylkesmannen skal elles i vurderinga si alltid ha fokus på motsegna sitt juridiske grunnlag (forankring, tidsfrist), samt på kva for viktige nasjonale/ regionale omsyn som vert råka av planforslaget. I denne vurderinga må det òg leggjast vekt på det kommunale sjølvstyret.

Fylkesmennene kan i prosjektperioden sjølv finne praktiske løysingar for samordna uttale. I Hordaland har dette blitt løyst ved at det, om mogeleg innan utløp av høyringsfristen, først vert halde eit samordningsmøte mellom aktuelle statlege styresmakter og Fylkesmannen, der innhald i motsegnspunkta og forankringa av desse vert diskutert. Deretter vert kommunen invitert til eit dialogmøte. Dialogmøtet er valfritt, men dersom kommunen ønskjer denne utvida dialogen, vert det sendt ut ein samordna uttale i etterkant. Av denne uttalen vil det gå fram kva for motsegner som faktisk blir fremja direkte,

eventuelt blir avskorne eller vert rekna som uaktuelle etter at ein utvida dialog med kommunen som planstyresmakt er gjennomført.

I denne saka har Fylkesmannen som samordningsinstans ikkje motteke uttale med motsegn frå andre statsetatar enn SVV.

Dialogmøte med kommunen

I tråd med ovannemnde opplegg for forsøksordninga vart Radøy kommune invitert til, og har takka ja til ein utvida dialog om motsegnspunkta. Møtet vart halde den 1.7.2015, i Statens Hus.

Til stades

Frå Radøy kommune:

- Lisbeth Toppe Alvær, kommunalsjef.
- Tonje Nepstad Epland, leiar for teknisk forvaltning.

Frå Statens vegvesen:

- Kari Elster Moen, overingeniør.
- Marian Dagfrid Barsnes, overingeniør.

Frå Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann.
- Egil Hauge, prosjektleiar – samordningsprosjektet.
- Arve Meidell, seksjonsleiar, plan og beredskap – KSA.
- Hege Brekke Hellesøe, rådgjevar - KSA.

Tema som vart drøfta på møtet - referat

Radøy kommune orienterte om planen. Motsegna vart deretter gjennomgått og drøfta. Kommunen tok innspela til orientering og opplyste at plankonsulenten allereie er orientert om innhaldet i motsegna og har i følge kommunen gjeve uttrykk for at planen vil bli retta opp. Elles var det semje om at planen må ta høgd for at avkøyrsløse vil måtte skje i 80-sone. SVV vil elles sende over døme på føresegner til sikringssoner, som ei hjelp i det vidare arbeidet for å få etablert desse på ein god måte i planen.

Planen viser ei byggegrense mot veg på 15 meter. SVV gav uttrykk for at denne måtte aukast til 20 meter, dersom dei skal kunne akseptere planen. Kommunen ser på nye løysingar for å kome kravet knytt til byggegrense i møte, samstundes med at måla med planen elles kan nåast.

Konklusjon

Fylkesmannen oppfatta etter dialogmøtet at det er semje om at planen har ein del manglar som må rettast opp. Kommunen gav òg uttrykk for at ein no vil arbeide vidare med planen, i dialog med Statens vegvesen og planleggjar, med sikte på å kome dei statlege innvendingane til planen i møte.

I ein slik situasjon, der kommunen og aktuell fagstyresmakt er samde om å forlenge medverknadsfasen, jf. plan og bygningslova (pbl.) § 1.4, vil òg Fylkesmannen utsetje vurderinga av om motsegna skal avskjerast. Vi ber difor om å verte haldne orientert om utfallet av det vidare samarbeidet om planen.

Skulle det vise seg at ein likevel ikkje oppnår semje om eit nytt planforslag, vil Fylkesmannen vurdere motsegnsspørsmålet på nytt. Eventuelt kan Radøy kommune be Fylkesmannen om at saka vert teken opp til formell mekling, jf. pbl. § 5-6.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleder

Brevet er godkjent elektronisk og manglar difor underskrift.

Kopi:
Statens vegvesen
Hordaland Fylkeskommune